



GAMLEBANKEN  
SPELEMANNSLAG

Gamlebanken Spelemannslag hadde sin spede oppstart på kulturskulen i Førde, rundt tusenårsskiftet. I starten var motivasjonen for øvingane å stille på kappleik. Seinare vart målet å spele dei tøffaste, vanskelegaste slåttane; dei som sjeldan vart brukt i samspel.

Herifrå voks interessa for å spele slåttar «ingen andre» brukar, og å dyrke fram eit eige, unikt Gamlebanken-repertoar.

Dei seinare åra har vi fordjupa oss i runddansslåttar frå Sogn og Hardanger. I arkiva har vi leitt etter gamle opptak og notar, og vi har latt oss inspirere og begeistre av det vi har funne. Mange av slåttane har utfordra oss, og det finurlege i dei har appellert til oss.

Vi har brynt oss på rytmiske finessar og ornament, men det viktigaste har vore å finne den gode dansetakta – den rette svingen, roen og snerten.

På denne plata får du eit utval av våre favorittslåttar. Dei fleste er tradisjonelle slåttar, men her er òg nye komposisjonar inspirert av den eldre runddansstilen.

Runddansmusikk er, som namnet seier, meint for dans. Vi oppfordrar deg til å bruke musikken slik han gjer seg aller best; set plata i spelaren, kom deg ut på golvet og dans!

*Gamlebanken Spelemannslag*





FOTO: FYLEKSAKIVET I SOGN OG FJORDANE

– OM KJELDENE –

*Johanna Dahl Eldegard (1906–2005), Årdal i Sogn*

---

Johanna Eldegard vaks opp i ein familie der det hadde vore framståande spelemenn i generasjonar tilbake. Sjølv fekk ho aldri dyrke felespelet i like stor grad som broren Sigurd (1893–1963) og søstera Brita (1909–1977).

Men opptaka som vart gjort av spelet hennar på 1980-talet vitnar likevel om ei kjelde som hadde eit uvanleg interessant repertoar av runddanslåttar og med ein særmerkt spelestil; Nokre av slåttane hadde vi høyrte før, men ikkje med ein slik rytmikk og snert. Andre var heilt nye for våre øyre.

Slåttane og spelet etter Johanna har vore til stor inspirasjon for Gamlebanken, og var sjølv utgangspunktet for arbeidet med å fordjupe seg i runddansmusikken frå Sogn. Vi er sikre på at Johanna ville vore veldig stolt om ho hadde visst at slåttane hennar lever vidare blant nye generasjonar felespelarar.

– OM KJELDENE –

*Anders Kjerland (1900–1989), Granvin i Hardanger*

---

Anders Kjerland var ein av dei verkeleg store 1900-tals-spelmennene, og hadde eit omfattande repertoar etter mellom andre faren Severin Kjerland og Halldor Meland. For mange er Kjerland først og fremst kjend for sine lyriske framføringar av springarar og gangarar frå Hardanger.

Men Kjerland hadde også eit stort repertoar av det som i Hardanger blir kalla «valsaspel»: runddanslåttar, og mykje av dette er dokumentert i arkivet. I 1977 kom Anders Kjerlands kvartett ut med LP-plata «Gamle dansar frå Hardanger» med ei rekkje gode runddanslåttar. Vi set slåttane og spelet hans høgt!



FOTO: JOHANNES A. KVESTAD

– SLÅTTANE –

- 1. Hamborgar – *trad. Anders Kjerland*
- 2. Jenta på Borge, reinlender – *trad. Nils Furnes, arr. Geir Marius Thorud*
- 3. Polkamasurka – *av Synnøve S. Bjørset*
- 4. Parisarpolka – *trad. Anders Kjerland, arr. Geir Marius Thorud*
- 5. Karl Fant-vals – *trad. Lærdal*
- 6. Reinlender – *trad. Anders Kjerland, arr. Geir Marius Thorud*
- 7. Gamla hustause, polkamasurka – *trad. Anders Kjerland*
- 8. Parisarpolka – *trad. Johanna Eldegard, arr. Geir Marius Thorud*
- 9. Valdrespolka – *trad. Johanna Eldegard*
- 10. Vårflaumen, hamborgar – *trad. Anders Kjerland, arr. Synnøve S. Bjørset*
- 11. Karl-vals – *trad. Lærdal.*
- 12. Parisarpolka – *trad. Johanna Eldegard*
- 13. Kjepsoreinlender – *trad.*
- 14. Frydenlundvals – *trad. Jens Frydenlund*
- 15. Reinlenderkule – *trad. Johanna Eldegard og Knut Trøen*
- 16. Trollvals – *av Synnøve S. Bjørset*
- 17. Slåttedrusaren, reinlender – *av Synnøve S. Bjørset*

Spelt inn på Jølstramuseet 22.–24. mars 2019. Teknikar og produsent: Bjarte Johansen, OnCue productions. Medprodusent: Ole Nilssen. Mastering: Audun Strype, Strype Audio.  
Grafisk formgjeving: Eva Karlsson. Engelsk omsetjing: Laura Ellestad

Musikalsk leiar: Synnøve S. Bjørset  
Hardingfele: Ingrid Schei Stuhaug, Oda Bolstad, Ingrid Heieren, Leif Erik Stuhaug, Åslaug Timenes Bell, Mathilde Skjæret  
Gitar: Kjartan Haugen Foss  
Kontrabass: Geir Marius Thorud

Takk til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Hardanger folkemuseum, Jølstramuseet for framifrå innspjelingsfasilitetar, Bjarte Johansen for tålmod og ypparleg lyd, Audun Strype for stødig mastering, Ole Nilssen for kokkelering og gode innspel i mikseprosessen, Gunn og Sæmund Bjørset for husrom, og til familiane våre for barnepass, oppmuntring og heiarop.

Utgjevinga er støtta av Norsk kulturråd.

– ABOUT THE SOURCES –

Gamlebanken Spelemannslag had its tender beginnings in the School of Music and Performing Arts in Førde around the turn of the century. In the beginning, our motivation to rehearse was to prepare for participating in competitions. Later, our goal became to play the coolest, most difficult tunes; those that were rarely played by ensembles.

From here, we became more and more interested in playing tunes “no one else” plays, and in cultivating our own, unique Gamlebanken repertoire.

In recent years we have immersed ourselves in *runddans* tunes from Sogn and Hardanger. We have searched for old recordings and transcriptions in the archives, and we have been inspired and motivated by what we have found. Many of the tunes have challenged us, and the trickiness of the tunes has appealed to us.

We have sharpened our skills by working on rhythmical finesses and ornaments, but the most important thing has been to find the right dance rhythm – the right swing, equilibrium, and energy.

On this album you’ll hear a selection of our favourite tunes. Most of them are traditional tunes, but there are also new compositions inspired by the older style of *runddans* music.

*Runddans* music is, as the name indicates, meant for dancing. We encourage you to use the music in the way it is best suited; put the album into the player, get out on the floor, and dance!

*Gamlebanken Spelemannslag*

*Johanna Dahl Eldegard (1906–2005),  
Årdal in Sogn*

---

Johanna Eldegard grew up in a family in which there had been prominent fiddlers for generations. She was never able to cultivate her fiddle playing to the same extent as her brother, Sigurd (1893–1963), and sister, Brita (1909–1977).

But the recordings that were made of her playing during the 1980s still give evidence of a source who had an unusually interesting repertoire of *runddans* tunes, and who had a distinctive playing style. We had heard some of the tunes before, but not played with such great rhythm and energy. Other tunes were completely new to our ears.

Johanna’s tunes and playing have been of great inspiration to Gamlebanken, and they were the starting point for our work to immerse ourselves in *runddans* music from Sogn.

We are certain that Johanna would have been very proud if she had known that her tunes live on among a new generation of fiddle players.

*Anders Kjerland (1900–1989),  
Granvin in Hardanger*

---

Anders Kjerland was one of the truly great fiddlers of the 1900s and had an extensive repertoire which he learned from his father, Severin Kjerland, and from Halldor Meland, among others. For many, Kjerland is first and foremost known for his lyrical performances of springar and gangar tunes from Hardanger.

But Kjerland also had a large repertoire of what, in Hardanger, is called “Valsaspel”: *runddans* tunes, and much of this repertoire is documented in the archive. In 1977 Anders Kjerland’s quartet released the LP *Gamle dansar frå Hardanger*; this recording contains a number of good *runddans* tunes. We think very highly of his tunes and his playing!

- 
01. Hamborgar etter Anders Kjerland 01:50
  02. Jenta på Borge, reinlender 02:40
  03. Polkamasurka 02:13
  04. Parisarpolka etter Anders Kjerland 03:03
  05. Karl Fant-vals 02:14
  06. Reinlender etter Anders Kjerland 02:42
  07. Gamla hustause, polkamasurka etter Anders Kjerland 02:58
  08. Parisarpolka etter Johanna Eldegard 01:56
  09. Valdrespolka etter Johanna Eldegard 02:12
  10. Vårflaumen, hamborgar etter Anders Kjerland 02:44
  11. Karl-vals 01:50
  12. Parisarpolka etter Johanna Eldegard 03:06
  13. Kjepsoreinlender 03:26
  14. Frydenlundvals 02:38
  15. Reinlenderkule etter Johanna Eldegard og Knut Trøen 02:54
  16. Trollvals 02:42
  17. Slåttedrusaren, reinlender 03:16